

BYGDENYTT

INFORMASJON FRÅ VALLE KOMMUNE



SENTRUMSFROKOST

i Valle
20. juni kl. 10.00

Underholdning

Hoppeslott og aktiviteter for born

Frokost

PROGRAM

- ⌚ kl.10.00 - Frokost
- ⌚ kl.11.00 - Underholdning:
 - Wild When's
 - Marie Skagemo
- ⌚ kl.12.00 - Barneløp
- ⌚ kl.13.00 - Halvmaraton
- kl.13.30 - Vallemila
- ⌚ kl.18.00 - Brusteinsball på Bergtun

KOMMUNEN INFORMERER

Informasjon om Bygdenytt for juli og august:

Neste utgåve av Bygdenytt vil vere for både juli og august. All informasjon som gjeld for desse to månadane må sendast innan fristen 20. juni.

Politiske møter

Tysdag	02.06	kl. 16.00	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Onsdag	03.06	kl. 09.00	Plan og miljøutvalet
		kl. 12.00	Levekårutvalet
Torsdag	04.06	kl. 09.00	Formannskapet
Onsdag	10.06	kl. 10.00	Styremøte i Setesdal regionråd
Torsdag	18.06	kl. 17.00	Kommunestyremøte



Har du lasta ned Friskus? Dersom ikkje, bør du gjere det no!

Appen er GRATIS og du vil få varsel kvar gong Valle kommune legg ut følgjande:

- Nyheiter frå heimesida
- Ledige stillingar
- Publisering av innkallingar og møteprotokollar



Dersom du alt har lasta den ned, men ikkje får varsel er det truleg fordi du ikkje har valgt kategorien du vil få varsel på. I Valle har vi førebels berre ein kategori vi nyttar i publiseringa som heiter nytt frå Valle kommune.

For å sjekke om du har valt kategorien kan du gjere følgjande:

- Gå inn på menyen oppe til høgre (tre strekar)
 - Mine valg
 - Dersom Valle kommune er merka av klikker du på pila nede til høgre, om ikkje trykkar du på den.
 - Velg om du vil følgje fleire kommunar eller hopp over
 - Så trykkar du på Nytt frå Valle kommune og deretter pila nede til høgre
 - På neste side er det ingen val og kan berre klikke på pila nede til høgre
 - Så er du klar og kan trykke ei siste gong på den grønne pila nede til høgre
- Treng du hjelp kan du ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon 37937500.

Kurs i Friskus aktivitetskalender

Viss du har eit lag eller organisasjon og ikkje har laga side på Friskus aktivitetskalender endå, bør du gjere det no. For dei som treng hjelp til dette blir det **kurs torsdag 4. juni kl. 16.00** og **torsdag 11. juni kl. 18.00**.

Påmelding til annbjorg.bjorgum.sagneskar@valle.kommune. Det vil ikkje bli satt opp kurs viss det ikkje er påmelde.

Om du alt har brukar men treng hjelp til å legge inn arrangement er du velkomen til å ta kontakt med Velkomstsenter på tlf 379 37 500 eller sende e-post til sentralbord@valle.kommune.no.

Vi kan og hjelpe deg i opningstidene viss du helst vil kome innom oss!

KULTUR OG FRITID INFORMERER



Valle folkebibliotek

Nye opningstider onsdagar kl. 13–18.

Mindre endringar for somme dagar kan forekome. Dette vert i såfall opplyst om på Facebook-sida vår «Valle bibliotek - Sæbyggjen»

Me treng stadig fleire norsktalande til språkkafé!

Språkkafé er ikkje berre for dei som lærer norsk – det er òg ein fin måte å bli kjend med nye menneske, kulturar og historiar på. Me møtest til hyggelege samtalar over ein kopp te eller kaffi, med låg terskel og god stemning.

Før sommaren har me to samlingar att:

4. juni satsar me på å vere ute viss vêret er fint (oppmøte på biblioteket først).

11. juni vert det sommaravslutning i Bykle med grilling, spel, gode samtalar og moglegheit til å helse på hestar – ein ekstra koseleg kveld for alle.

Me håpar fleire norsktalande vil bli med. I Valle bur det folk frå mange land, og på språkkafé snakkar me om alt frå kvardagsliv til ulike dialekter og språk.

Alle er hjarteleg velkomne – anten du vil øve på norsk, møte nye folk eller berre ha ein triveleg kveld. Vil du vere med til Bykle? Ta kontakt på valle.bibliotek@valle.kommune.no.

Håpar me sjåast! Uansett ønskjer me alle ein herleg sommar.

Varm sommarhelsing frå Julie, biblioteksjef



Ope kultursenter:

Opningstider kultursenteret 1. juni – 19. juni

Kultursenteret vil som regel vere ope for alle:

Måndagar: 14:00 – 18.00

Onsdagar: 14:00 – 18.00

Me er i oppstartsfasen, og driftskonseptet er ennå ikkje ferdigstilt. Ta kontakt viss du ønskjer omvising i bygget.

Epost: ungdomsarbeidar@valle.kommune.no



FRIST FOR INNSENDING AV STOFF TIL BYGDENYTT ER 20. JUNI



Send på epost til sentralbord@valle.kommune.no

PROGRAM FOR ONSDAGSKAFEEN - JUNI

Program for Onsdagskafeen i juni

Onsdag	03.06	kl. 10.30	Konsert med Valle kulturskule
Onsdag	10.06	kl. 10.30	Sosialt samvær med sommarbingo og andakt
Måndag	15.06	kl. 08.15	Tur til Sjølingstad uldvarefabrikk (Sjå eige skriv under)

Etter turen tek onsdagskafeen sommarferie og er tilbake onsdag 20. august.

God sommar!

Onsdagskafeen tek turen til Sjølingstad uldvarefabrikk måndag 15. juni

Avreise frå Esso Valle kl. 08.15 med ankomst i Mandal ca. 11.30.
Liten matbit og kaffi før omvisning på museet.
Turen går vidare til Kastellet restaurant for middag.

Påmelding til turen innan måndag 08.06 til
Onsdagskafeen 945 04 448, eller Bøggi 957 08 242.

Pris for tur og middag: 800kr.



SOMMARKONSERT MED VALLE KULTURSKULE

Torsdag 18.06 kl. 18.00 Valle kulturhus

Velkomen til årets sommarkonsert ved kulturskulen – ein kveld fylt med skaparglede, energi og mangfald! Her møter du elevar i alle aldrar som viser fram arbeidet frå året.

Programmet byr på band, samspel, soloinnslag, dans og teater – med både kraft, humor og rolege stunder.
Vi ønskjer deg ein inspirerende kveld der kreativitet og fellesskap står i sentrum!



TERRENGLØP I ØYNE

Onsdag 03.06 Kl. 17.00 Øyne - Oppmøte ved setpro

Terrengløp for heile familien i Øyne, med løyper i ulike lengder.
Kort løype - 4 km
Lang løype - 6 km

Det blir barneløp på 400 m og 1 km.

Påmelding i EQ timing. Ta kontakt med Solveig på tlf: 912 47 155 dersom det er utfordringar, då det er viktig at alle er påmeldt.



BISPEVEGMARSJEN

Laurdag 08.08 Bispeveg marsjen

Busstransport frå Valle skule kl. 06.30.		
Buss	Vaksne	kr. 300.
	Born t.o.m 16 år	kr. 200.
Startkontingent:		kr. 150.



Bispeveg marsjen er ein turmarsj som går frå Fyresdal til Valle. Turen er i underkant av 30 km med ei stigning på ca. 745 høgdemeter. Turen startar ved Nøs før Øysædammen i Fyresdal med mål ved klubbhuset til Valle IL ved fotballbanen. Marsjen går over eit flott heieområde med variasjonar frå frodige skogslie og myrområde til høg fjellsområde.

Turen er fin for både barn og vaksne, men yngste anbefalte alder er 10 år. Ein må vere i mål innan kl. 18.00. Ha med niste og drikkje då det ikkje er matstasjon undervegs. Det vert enkelt matsal i målområde.

Påmelding skjer via EQ Timing: <https://live.eqtiming.com>. Her søker du opp Bispeveg marsjen og registrerer deg.

FINE TREKKPREMIAR TIL DEI SOM GÅR MARSJEN

Arrangør: Valle IL og Fyresdal IL som ønskjer deg velkomen til ein flott dag over fjellet.

VALLE BILJARDFORENING

Valle Biljardforening ønskjer velkomen til ein sosial og aktiv sommar i Valle sentrum frå 29. juni til 14. august!

Sommar på VBF er eit gratis og inkluderande tilbod for born og ungdom i Valle, støtta av Gjensidigestiftelsen.

- Aktivitetsdagar
- Biljardspeling
- Dart og andre aktivitetar
- Møt andre jamnaldrande
- God stemning
- Kiosksal
- Oppdatering via Facebook



Kom som du er – alle er velkomne!

UNGDOMSKLUBB OG JUNIORKLUBB

- 2. juni - Juniorklubb
- 4. juni - Ungdomsklubb
- 9. juni - Juniorklubb
- 11. juni - Ungdomsklubb
- 16. juni - Juniorklubb
- 18. juni - Ungdomsklubb



Ønskjer de spesielle aktivitetar på junior eller ungdomsklubben? Me set pris på alle forslag – send dei gjerne på e-post.

Følg oss på Facebook og Instagram for aktivitetar og nyheiter!

Facebook: Ung i Valle
Instagram: @ungivalle

STUDIEFORBUNDET KULTUR OG TRADISJON - KURSPLAN

Kursplan hausten 2026

Medlem i Valle- og Hylestad bygdekvinneleg, Bondelaget eller Skogeigarlaget betalar 40 kr per kurstime medan ikkje-medlem betalar 70 kr per kurstime. For å betale medlemspris må ein personleg vere innmeldt eit av desse laga innan kursstart.

For alle kursa gjeld det at deltakarane må ha fylt 14 år i løpet av 2025.



Kurs:	Innhald:	Lærer:	Tidspunkt og stad:	Pris og påmelding:
Veve tyeleband og belte	Veve tyeleband og belte til bunad	Birgit Haugaa Nordibe	Oppstart måndag 7.sept. Kl.17-21 Måndagar frå kl.17-21. Venemold eller soknehuset	Kr.2000/3850 + materiell Maks 6 stk. Påmelding til Kristine Jore Innan 8.august
55 timar				
-UFO-kurs-	Har du uferdige «objektliggjande»? Sokkeband, sauma jure, hekla muffetisa, hedeblonde eller veving? Har du vore på kurs tidlegare eller prøva sjølv og det har stoppa opp? Då kan du no få hjelp til å verte ferdig med «ufoen» din.	Karin Bee	Oppstart torsdag 15.okt. 29.okt. 5.nov. Kl.18-21. Venemold	Kr.360/630 Maks 8 stk. Påmelding til Kristine Jore Innan 14.sept.
9 timar				
Bakekurs	Bake Hylestadlefse og braud. Laurdag lefser. Sundag kan ein velje sjølv kva ein vil bake. Til dames eplekaker eller hardangerlefser.	Anna Rysstad og Inger Liv Rysstad	Laurdag og søndag ei helg i oktober. Dato kjem seinare Kl.10-15 I bakekjellaren på Valle skule	Kr.400/600 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Ingunn A. Bratteland
10 timar				
Thaimat	No kan du lære å lage enkle og gode thailandske Matrettar 2 rettar pr. kveld	Tanja Thame	Oppstart onsdag 2.sept. Kl.18-21 Skulekjøkkenet på Valle skule	Kr.480/840 + tilfang Maks 8 stk. Påmelding til Hilde Kiland-Bjåen innan 20.august
12 timar.				
Kompekurs	No kan du endeleg lære deg å lage komper.	-Bøggy- Bjørg Straume	Meir info om tid og stad kjem til hausten	Kr.160/280 + tilfang Påmelding til Kristin Nomeland
4 timar				

Kontaktpersonar til kursa:

Kristin Nomeland: tlf. 99538807, e-post: nomelandkristin@gmail.com

Hilde Kiland-Bjåen: tlf.99631207, e-post: hilkil@gmail.com

Ingunn Anette Bratteland: tlf.997 14073, e-post: ingunn73@hotmail.com

Kristine Jore: tlf. 482 03216, e-post: kristinejore66@gmail.com

- Kursa må ha minimum 5 påmelde for at dei vert sett i gong.
- Kursa skal betalast på vipps til kontaktpersonen fyrste kurskvelden
- Lengre kurs som går over to semester skal betalast i to omgonger. Halve kurset på hausten og halve på våren.
- Følg oss på Facebook :»Studieforbundet kultur og tradisjon Valle«

VALLE OG HYLESTAD SOKN

DAG	DATO	KLOKKA	KVA	KOR
Torsdag	28.05	17.00	Gudsteneste med konfirmantane	Valle kyrkje
Sundag	07.06	11.00	Konfirmasjons-gudsteneste	Hylestad kyrkje
Onsdag	10.06	11.00	Andakt	Valle bygdeheim
Sundag	14.06	11.00	Konfirmasjons-gudsteneste	Valle kyrkje
Tysdag	16.06	19.00	Hyllest til bedehusarven	Hylestad kyrkje

Kyrjekontoret tlf: 474 82 359
Kyrkjeskyss: 911 48 355

e-post: post@valle.kyrkja.no



VALLE RADIO

Tysdag kl. 18 Sending

Onsdag kl. 19 Sending

Vi sender også kommunestyremøta i reprise veka etter, og styremøta i Setesdal regionråd same dag.

Ta gjerne kontakt viss du har tips om noko vi kan ta med «på lufta». Bruk lokalradioen!

Epost: post@valleradio.com, Facebook: Valle Radio

Heimeside: www.valleradio.com



LANDSKAPPLEIKEN Hovden i Setesdal

24.-28. juni 2026



Skal dette bli ein vellukka kappleik, treng vi mange gode hjelparar. Dei frivillige er berebjeleken – utan dykk, ingen kappleik! Alle kan bidra, både på små og store oppgåver. Meld deg på for å vere med på ein sosial og morosam dugnad der du får høve til å oppleve Landskappleiken frå innsida. Lag og foreiningar kan òg melde seg på som gruppe. Oppgi kor mange de kan stille med! Du kan registrere deg som frivillig og finne meir informasjon om Landskappleiken på: www.landskappleiken.no



SETESDALSMUSEET

23.06. kl. 10.00 Sesongopning

Setesdalsmuseets arenaer held ope heile sommaren frå 23. juni til 9. august kl. 10:00-16:00.

Sjå meir info på www.setesdalsmuseet.no

Velkomen!



BYGDEKINOEN - KULTURSENTERET

Måndag 08.06 kl. 17.00:

Diplodocus og den mystiske hokus pokus

Måndag 08.06 kl. 19.00:

Hamnet

Du kan kjøpe billetter på www.bygdekinoen.no!



KVA SKJER I VALLE

Med atterhald om endringar

DATO	STAD	TID	KVA SKJER
03.06.	Valle bygdeheim	10.30	Onsdagkafe - Konsert Valle kulturskule
03.06.	Øyne - oppmøte ved Setpro	17.00	Terrengløp
04.06.	Valle kommunehus	16.00	Kurs i Friskus aktivitetskalender
07.06.	Hylestad kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste
07.06.	Lårdal - Hagen til Hege og Carlos	11.00	Fjellkyrkjestemne
08.06.	Valle kultursenter	17/19	Bygdekinoen
10.06.	Valle bygdeheim	10.30	Sommarbingo og andakt
11.06.	Valle kommunehus	18.00	Kurs i Friskus aktivitetskalender
14.06.	Valle kyrkje	11.00	Konfirmasjonsgudsteneste
15.06.	Avreise frå Esso Valle	08.15	Onsdagskafeen - tur til Sjølingstad uldvarefabrikk
16.06.	Hylestad kyrkje	19.00	Hyllest til bedehusarven
18.06.	Valle kultursenter	18.00	Konsert med Valle kulturskule
20.06.	Valle sentrum	10.00	Sentrumsfrokost
23.06.	Setesdalsmuseet	10.00	Sesongopning på museet
24 - 28.06	Landskappleik på Hovden		